



## Statens vegvesen

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
18/98911-2

Dykkar referanse:  
18/744 - 18/6595

Vår dato:  
15.05.2018

### Uttale – Bruksendring – Dispensasjon frå byggjegrænse – Gnr. 45 bnr. 188 Manger – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 27.04.2018.

#### Kva saka gjeld:

Radøy kommune søker om bruksendring for eigedommen gnr. 45 bnr. 188, såkalla *Manger DPS* som ligg like aust for Manger sentrum. Føremålet er mellom anna å utvikle tomte til permanent barnehagedrift. Det er også behov for å søkje dispensasjon frå byggjegrænse langs fv. 409.

Arealet er regulert til offentleg føremål / pleieheim jf. reguleringsplan for Hesthaugen (1983).

#### Opplysning om saksgang:

Det vert mellom anna søkt om dispensasjon frå byggjegrænse langs fylkesveg. Reguleringsplan for området fastset ei byggjegrænse på 30 meter frå vegmidte til fv. 409. Sidan området er regulert er det Radøy kommune som har mynde til å vedta dispensasjon etter plan og bygningslova.

Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. plan- og bygningslova § 19-2. Vi har og klagerett i slike saker.

#### Uttale:

Eigedommen har tidlegare vore nytta til blant anna pleieheim, i tillegg er det andre offentlege funksjonar som PPT. Det vert no søkt om å oppdatere eksisterande bygningsmasse, samt å utvikle utomhusareala som ligg langs fylkesvegen. Barnehagen kan romme inntil 140 barn.


Situasjonskartet syner at det berre er mindre tiltak som er innanfor byggjegrænse og at alle tiltak er plassert nord for vassdraget. Det er ikkje planlagt nye bygg innanfor byggjegrænse. Statens vegvesen har ikkje merknader til ein dispensasjon slik søknaden ligg føre.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø



*Situasjonskart vedlagt søknaden. Byggjegrense langs fylkesveg synt med stipla line.*

Veganlegget er bygd ut etter ein eldre reguleringsplan. Barnehagen får tilkomst om kommunal veg. Vi rår til at tilhøvet til transportnettet vert vurdert i den vidare prosessen, og at det vert utarbeidd ei enkel trafikkanalyse som vurderer trafikkforholda på staden. Større barnehagar får særleg trafikktopp rundt henting og bringing, og veganlegget med tilhøyrande løysing for parkering og hente / bringesone må vere tilpassa dette. Ein bør og vurdere tilkomsten for mjuke trafikantar.

Utomhusarealet ligg på grensa til gul støysone jf. våre støyvarslingskart. Vi ber kommunen om å vurdere behovet for ei støyfagleg utgreiing som kan seie noko om for skjerming av støy, jamfør retningslina for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442/2016).

Vi ber om å få kommunen sitt vedtak tilsendt for eventuell klagebehandling.

Plan og forvaltning, Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
fagkoordinator

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Tekst for godkjenning settes inn ved ekspedering.*